

## Saksframlegg

Dato                      Referanse                      Saksbehandlar  
01.10.2024                      24/7306- 22                      Thomas Finnøy

Saksnr.	Utval	Møtedato
23/24	Vestlandsrådet - arbeidsutval	09.10.2024

## Revitalisering av arbeidet med ferjefri E39 i Vestlandsrådet

### Vestlandsrådet - arbeidsutval 09.10.2024 - sak 23/24

#### Behandling

#### Vedtak:

Arbeidsutvalet vedtek at leiar, understøtta av administrasjonen, utarbeider konkret forslag til;

- Arbeidsgruppe ( mandat og samansetting)
- Forslag konferanse (stad, tid/dato, arbeidstittel/program)

Dette vert lagt fram for AU snarast for endeleg vedtak.

Arbeidet med å fastsette endeleg opplegg for konferansen og eventuelt behov for nytt kunnskapsgrunnlag vert en del av mandatet til arbeidsgruppa.

#### Innstilling:

Arbeidsutvalet vedtek at leiar, understøtta av administrasjonen, utarbeider konkret forslag til;

- Arbeidsgruppe ( mandat og samansetting)
- Forslag konferanse (stad, tid/dato, arbeidstittel/program)

Dette vert lagt fram for AU snarast for endeleg vedtak.

Arbeidet med å fastsette endeleg opplegg for konferansen og eventuelt behov for nytt kunnskapsgrunnlag vert en del av mandatet til arbeidsgruppa.

## **Bakgrunn**

Vedtak i Vestlandsrådet 10.09.2024:

*Vestlandsrådet vedtek at rådet skal styrke engasjementet for ferjefri E39, og sette dette høgt på dagsorden.*

*Vestlandsrådet gir Arbeidsutvalet mandat til å initiere og beslutte vidare satsingar, herunder:*

- *etablering av arbeidsgruppe*
- *bestemme eventuell konferanse, innhald, deltakarar og opplegg*
- *om behov kjøpe utredningar eksternt mht ringvirkningar og anna.*

## **Vurdering**

Ei arbeidsgruppe bør bestå av rådet sitt arbeidsutval, der rådet sin leiar og blir leiar for arbeidsgruppa. I tillegg bør ein inviterte inn personar som kan bidra positivt i det vidare arbeidet. Dette kan vere personar frå organisasjonane som aktivt arbeider med fjordkryssingsprosjekt, eller som har fagleg tyngde og/eller gode kontaktar inn mot det politiske miljøet sentralt.

Ein større konferanse om ferjefri E39 vil fungere som ein "kick-off" for det vidare arbeidet med prosjektet. Vestlandsrådet vil stå som hovedarrangør, men gjerne i samarbeid med andre aktørar. Å fastsette stad, dato, og innhald for konferansen blir ei oppgåve for arbeidsgruppa.

Arbeidsgruppa må vurdere om det er behov for nye utgreiingar eller kunnskapsgrunnlag knytt til satsinga.

## **Økonomiske konsekvensar**

Vestlandsrådet har i dag god økonomi med om lag 2 millioner kroner til disposisjon.

Budsjettramme for konferansen, og eventuelle utgreiingar, må vedtakast av Vestlandsrådet.

Toril Hovdenak  
fylkeskommunedirektør